



Karolis Vielavicius  
Hylkjeneset 118b  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/881 - 23/35626

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
08.05.2023

## Svar på henvending - gbnr 430/16 Vågenes indre

**Tiltakshavar:** Karolis Vielavicius  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Vi viser til dykkar henvendingar motteke 07.05.2023 samt vårt skriv datert 28.04.2023, og tidlegare dialog i saka.

Epostane og dokumenta i dei har vi motteke frå deg tidlegare.

Som vi skriv i vårt brev datert 28.04.2023 så krevjer tiltaka du planlegg at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealføremålet og frå byggeforbodet langs sjø.

Tiltaka krev og at det vert søkt om løyve til gjennomføring av tiltaka og at tiltaka er belagt med ansvar frå ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Du har sendt inn blant anna søknadsdokumentasjon frå 1998 og levert inn søknad om ansvar som sjølvbyggjar og erklæring om ansvar som sjølvbyggjar. Dette er mangelfullt med omsyn til dokumentasjonskrav til søknad og vi kan ikkje kan handsama det som søknad.

Tiltaka du planlegg på eigedomen krev ny nabovarsling (nyare enn 12 mnd.) og du må innhente ny avstandserklæring frå nabo.

Vi kan ikkje gje deg noko ytterlegare rettleiing utover det vi til no har gjort. Om du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Dersom du synast heile søknadsprosessen er vanskeleg vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak (byggmeister / arkitekt) som kan hjelpe deg med dette. Det vil spare deg for mykje tid og eventuelle problem i søknadsprosessen.

Vi gjer merksam på at ved mangelfulle søknader vil det oppstå ekstra kostnader og lengre sakshandsamingstid. Vi anbefaler at det blir gjort ein grundig jobb med søknaden før den blir sendt inn, slik at sjølve handsamingsprosessen går raskare.

**Søknad om løyve til tiltak skal sendast til: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Karolis Vielavicius

Hylkjeneset 118b

5109

HYLKJE